

Klage på avslag om deling av tomt på GBNR 121/1 i Knarvik Nord.

Referanse nr 14/7015-14/27729

Arkiv nr 14/7015

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
2 JAN 2015	
Ark. saknr. 14/7015	Løpenr.
Saksf.	Tilgangskode

Vedlagt i denne klagen ligger det klage frå grunneigar, det er lagt ved bilde av landskapet og den strandsona som er blir tatt med i avslaget. På desse bilde er tomte grovt innteikna/skravert. Det ligger eit klagebrev frå heila bygda med underskriftsskjema. Det ligg også ved kart over området som er søkt om, og området som blei frå råd og søka på av saksbehandlar under synfaring. Tomte er også her grovt innteikna/skravert.

Grunneigars klage	Klage på avslag.	A:2-2
Bilde av området	Bilde som viser landskap.	B:3-3
Klage frå naboar	Klage frå bygda på vedtaket.	C:2-2
Kart	Kart over søkt og ønska tomt.	D:2-2

Klage på vedtak avslag på løyve til deling av tomt gbnr121/1 Knarvik Nord

Det går i hovudsak fram i avslaget at ein tomt i dette søkte området vil vera i konflikt med Kulturlandskap, Landbruks interesser og vera i 100m strandsonegrensa.

Av det me kan lesa har Lindås kommune mangelfull informasjon om Knarvik Nord, og drifta av dei gardsbruk som er. 121/1 er eitt av to gardsbruk som fortsatt er i drift. Begge gardsbruk driv med villsau. Det går fram i dokumenta at det er ein nabo som driv jorda, dette er feil, det er son til grunneigar som driv jorda. (Han som har hus nr.2 på garden).

Klagen går blant anna ut på at det er feil på saksbehandlinga som er gjort ved søknad om deling ved gard.

Kulturlandskap

Me meiner at ei tomt på dette området ikkje vil øydelegga eller skada kulturlandskapet. Tomta ligg slik til at det ikkje vert naudsynt å ta inngrep i naturen i form av nye vegar, då den eksisterande vegen ligg heilt til tomten. Tomten kjem ikkje i skade for steingard, jordkjeller eller anna kulturelle minner. Me ynskjer å bygge eit hus som passar inn i området og ikkje er til sjenanse for området. Teigen som utgjer største delen av tomta kjem til å bli senka slik at huset ikkje vert for ruvande i terrenget.

Omlag 600m ifrå dette området ligg industriområdet til Mongstadbase. I mellom Knarvik Nord og Mongstadbase skulle det vera ei 30m brei skogskjermingssone vedtatt av Lindås kommune i 1982. Denne er endå ikkje kommen, og område det skulle vera på er utbygga godkjent av Lindås kommune. Dette gjer fritt innsyn og gjer større skade på kulturlandskap enn ein bustadstomt. Det ligg også gardsbruk i Knarvik Nord som ikkje blir halde i hevd, der grunneigar er flytta, dette syntes me at er trist og gjer større skade på kulturlandskap i den form av at det gror att.

Landbruksinteresser

I eit av dokumenta frå kommunen er det lagt ut eit område for spreidd bustadbygging på gbnr 121/1. Dette området ynskjer ikkje grunneigar at vert nytta til bustadbygging, då det er i bruk som beiteområde. Det er derfor i grunneigars interesse at ein heller får ein bustadstomt på søkt område.

Det er også tenkt at barnebarn som skal bygge på denne tomten skal overta gardsbruket med tida. Me meiner at den beste måten å ivareta landbruks og kulturlandskapet på, er at det er bebudd og blir haldt i hevd. Det er per dags dato berre to gardsbruk som er i drift i bygda, så desse ser me på som naudsynt å ha i drift for å halda landbruk og kulturlandskap i hevd.

Teigen der det er søkt tomt består av fjell, og ein liten del av tomta er overflatedyrka mark. Dette er oppgitt som fulldyrka mark i gardskart, men i bakken opp mot tomta er det berre overflatedyrka mark, då det er svært grunt.

Det seiast også at godkjenning av tomta vil føre til oppstyking av dyrka mark, men det vert ikkje meir oppstykinga no enn det allereie er, då teigen som det søkaste om utgjør ei naturleg skilje.

Me ser ikkje noko ulempe for landbruket at det vert bygd eit hus her, eller at husstanden skal ha ulemper ved å bu så tett opp mot dyrka mark. Sidan det er sauehald som området er best nytta til, vert det ikkje jyllekjøring på desse markene.

Strandsone

Strandsone i Knarvik Nord er alt godt ubygd, med fleire hus og hytter heilt i sjøkanten. Det er også mange naust i strandsone.

Strandsone i framkant av denne tomten består av evje og kikkleire aktig botn. Det går også to kloakkslangar ut her og grøfter med overflatevatn frå den nordlige delen av bygda. Denne plassen eignar seg ikkje til verken bading eller ha båtar då det er svært langgrunt. Det er om lag ein meter djupt på det djupaste ifrå land inne i vika og 68meter utover.

Bygda har også eiga badestrand med fin sandbotn som er nytta.

Generelt

Avslaget syner til og vera svært svakt og dårlig formulert samt feil informert, det ikkje lagt fram konkrete argument for eit avslag. Det står blant anna at det blir i konflikt med diverse landbruks interesser. Og skriva ei klage med motargument for diverse landbruks interesser er ikkje lett, eller enkelt og forstå seg på. Men alle problem som måtte vera eller oppstå er løysbare sidan det er familie til grunneigar som skal bygga, og overta garden på sikt.